

## Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 7 2023

Tidspunkt: 7. desember 2023, kl. 09.00 – 11.00

Møtestad: Langesgate 1-3

### Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll frå møtet 13. november

III Diverse tilbakemeldingar frå programstyreleder

### Vedtakssaker

**Sak 62/23 Emneplanar for praksis i ny modell**  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 63/23 Høyring av forslag til endringar i reglane om kven som kan tilsettast i lærarstilling og forslag om å tydeleggjera reglane og fagleg ansvar for opplæringa**  
Notat frå lektorsenteret

### Orienteringssaker

**Sak 64/23 Lærernes dag 2024**  
Munnleg orientering frå lektorsenteret

**Sak 65/23 Nasjonal lektorutdanningskonferanse 16.-17.november**  
Munnleg orientering frå programstyreleiar

**Sak 66/23 Nasjonal lektorutdanningskonferanse 2025**  
Munnleg orientering frå programstyreleiar

**Sak 67/23 Nytt frå praksisutvalet**  
Munnleg orientering frå fagleg praksiskoordinator

**Sak 68/23 Lektorutdanningskonferansen ved UiB 2024**  
Munnleg orientering frå fagleg praksiskoordinator

**Sak 69/23 NOU 2023:27 *Et nytt system for kvalitetsutvikling – for elevenes læring og trivsel***  
Munnleg orientering frå lektorsenteret

**Sak 70/23 Utgreiing frå ekspertgruppe om nasjonal styring av lærarutdanningane**  
Munnleg orientering frå programstyreleiar

**Sak 71/23 Eventuelt**

**Sak 72/23      Organisering av kortpraksis i ny modell  
Notat frå lektorsenteret**

**Sak 62/23**

**Emneplanar for praksis i ny modell**

Notat frå lektorsenteret

*Vedtaksaksak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**

**Møte: 7. desember 2023**

ephorte: 23/206

---

### Bakgrunnsdokument

- Prosjektgruppa for redesign sitt mandat til praksisutvalet (vedlegg 1).
- Praksisutvalet sitt svar på mandat. På side 19 – 22 ligg praksisutvalet sitt forslag til emnebeskrivingar for langpraksis. (vedlegg 2).
- Redigerte emnebeskrivingar for langpraksis, som programstyret får til vedtak (vedlegg 3).
- Framlegg til emnebeskrivingar for kampuspraksisdagar, som programstyret får til vedtak (vedlegg 4).
- Læringsutbytebeskrivingar (lubar) i langpraksis, samanlikning av dagens og framlegg til nye emne (vedlegg 5).

### Bakgrunn

Arbeidet med redesign av lektorutdanninga involverer òg praksisstudiet, og det inneber nye emneplanar for praksis. Praksisutvalet fekk i oppgåve frå prosjektgruppa for redesign om å utarbeide framlegg til emneplanar og innhald for dei ulike praksisemna, dvs. langpraksisemna, innhaldet i kortpraksis, og dei kampusbaserte dagane. Desse framlegga skulle så leggjast fram for prosjektgruppa og programstyret innan 1. desember. På møtet i programstyret 6. november 2023 vart emneplanar for fagdidaktikk og pedagogikk vedtekne, og i dei emneplanane er prinsipp og reglar for gjennomføring av kortpraksis inkludert. Programstyret ønskte derimot å vente til desembermøte med å ta opp emna for kampusbasert praksis og langpraksis. I perioden mellom førre programstyremøte har det så vore dialog mellom arbeidsgruppa for redesignprosjektet og praksisutvalet om emneplanane, slik at det har skjedd nokre justeringar frå dei planane slik dei kom opphavleg frå praksisutvalet.

### Juridiske rammer for praksisopplæringa

Praksis er regulert av forskrift om rammeplan for lektorutdanning for trinn 8–13. Her er det fastsett at *praksisstudiet* skal vere på minst 100 dagar, fordelt over minst tre av fem studieår. Hovuddelen av praksis skal fordelast mellom grunnskulen og vidaregåande skule. Praksis skal vere rettleidd, variert og vurdert, og det skal vere progresjon i praksis i løpet av studiet. Praksis skal vere tilpassa fagvalet til studentane.

Det er formulert eit prinsipp om at det skal vere samanheng mellom disiplinfag, pedagogikk, fagdidaktikk og praksis i lektorutdanninga, og at praksisstudiet skal bidra til at studenten får utforske, reflektere over og utvikla si eiga profesjonsutøving.

Aspekt ved praksis er nemnde i læringsutbyttebeskrivingar i rammeplanen. Desse aspekta vil på ulike måtar bli dekt i lektorutdanninga som heilskap, og kan formulerast og spesifiserast på ulike måtar, og på ulike nivå.

Lektorutdanningsinsitusjonar har ansvar for å vurder om studentane er skikka etter *Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning* (2006). Sjølv om skikkavurdering skal skje heile studiet, er praksis særleg sentralt for det føremålet.

Nasjonale retningslinjer for lektorutdanninga har ikkje forskriftstatus, og er eit hjelpemiddel for å skape god kvalitet i utdanninga. Her er praksisopplæring definert på følgjande måte: «Praksisopplæringen skal bestå av de aktiviteter som inngår i en lærers arbeidsplanfestede dag og inkluderer undervisning, forberedelse, vurderingsarbeid, elevsamtaler, foreldresamarbeid, møte- og samarbeidstid samt tid til faglig utviklingsarbeid. I tillegg inngår veiledning som en sentral del av praksisopplæringen.» Det går vidare fram i retningslinjenene at det er ønske om at studentane skal få observere lærarar og medstudentar i praksis.

Lektorutdanninga ved UiB har eit eige praksisreglement som regulerer vurderingsområde og vurderingskriterium for praksis, i tillegg til prosedyrar for vurdering, både undervegsvurdering og avsluttande vurdering, og eventuell bortvising av praksis. Desse reglane får fram, som det også blir framheva i nasjonale retningslinjer, at praksisopplæringa er eit felles ansvarsområde mellom faglærarar i lektorutdanninga, praksislærarar og rektor, og at det gjeld både rettleiing og vurdering. Det er tydelege rutinar for korleis ein går fram for å vurdere studentar som står i fare for ikkje å få godkjent praksis. Som ved andre lektorutdanningsinstitusjonar er praksisreglementet nokså spesifikt, og det er erfaringsmessige grunnar til at det er det. Norma er at det i emneplanar for praksis blir vist til praksisreglementet for dei detaljmessige prosedyrane når det er tvil om godkjenning av praksis, (Det vil vere føremålstenleg å ha ein gjennomgang og revisjon av praksisreglementet når nytt emneplanregime for praksisstudiet er på plass.)

### Kortpraksis

Kortpraksis er integrert i pedagogikkemnet i første semester og fagdidaktikkemna i tredje semester. Det faglege og administrative ansvaret for praksis ligg framleis til lektorsenteret.

Felles programstyre handsama utkast til emneplanar for didaktikk- og pedagogikkemna i møte 13.11.23, og slutta seg til følgjande oppfølgingspunkt for emna som inkluderer kortpraksis:

- Dei felles etablerte formuleringane til læringsutbytte og andre emneplantekstar for kortpraksis i første og tredje må leggjast inn i alle dei aktuelle emna. Sjå vedlagd eksempelemne for plassering av dei ulike tekstane. (pkt 7)
- Det blir i fagdidaktikkemna lagt inn både felles krav til forkunnskapar og tilrådde forkunnskapar knytte til pedagogikk og praksisemna. (pkt 8)
- Fagmiljøa som er ansvarlege for fagdidaktikk- og pedagogikkemna blir oppmoda om å bruke arbeidsomfangskalkulatoren for å sjekke korleis dei planlagde emna slår ut med tanke på arbeidstimar for studentane. For emne med kortpraksis skal ein vere merksam på praksisomfanget. (pkt 10)
- I emneomtalane for PEDA130 og didaktikkemna i tredje semester må formulering om tal på forsøk og varigheit for godkjent kortpraksis leggjast inn under «Obligatoriske undervisningsaktivitetar» (sjå eksempelmal) (pkt 11)
- For profesjonsemna i 1. og 3. semester må det takast omsyn til praksis med tanke på det samla arbeidsomfanget i emnet. (pkt 14)

I brev i ephorte, 2023/208-19, ber lektorsenteret om at fakulteta og fagmiljøa følgjer opp punkta 1-4, 7-8, 10-11 og 14-15.

## Kampuspraksisdagar

I ny modell skal 10 % av praksis ibli gjennomført på campus ii form av såkalla kampusdagerkampusdagar. Kampuspraksisdagane er obligatoriske og inngår i dei 100 dagane med praksis som er obligatorisk i femårig lektorutdanning. Dagene skal være praksisnære og relevante for praksis, og de skal gi et utbytte utover det studentene kan tilegne seg i ordinær praksis.

Praksisutvalet har føreslått tema og innplassering av dei ti kampusbaserte praksisdagane i studieløpet, og har i dette arbeidet lagt vekt på at dagane skal vere praksisnære og ha ei innplassering som i størst mogleg grad heng saman med undervisninga i profesjonsemna gjennom løpet og praksisperiodane i skulen. Samtidig har ein måtta ta omsyn til praktiske spørsmål knytt til kollisjonar med andre emne, og anna.

Framlegget frå praksisutvalet har i førebuinga til denne saka blitt justert noko, og programstyret får no til handsaming følgjande framlegg til tema og plassering av KP-dager:

**Tabell 1: Kampuspraksisdagar og plassering i studieløpet**

KP	Tema	Semester	Plassering i lektorløpet	Forslag til plassering innad i semesteret <sup>[1]</sup>
KP 1	Mobbing	Vår	2. semester	Veke 2
KP 2	Ungdom, seksualitet og identitet	Vår	2. semester	Veke 2
KP 3	Digitale verktøy i skulen	Vår	4. semester	Veke 2
KP 4	Kontroversielle tema	Vår	4. semester	Veke 2
KP 5	Forarbeid fag 1	Haut	5. semester	Måndag før langpraksis
KP 6	Kontaktlærarrolla	Haut	7. semester	Midten av semesteret
KP 7	Skulens hjelpeapparat	Haut	7. semester	Midten av semesteret
KP 8	Forarbeid fag 2	Vår	8. semester	Måndag før langpraksis
KP 9	Den lærande læraren 1	Haut	10. semester	Veke 35 eller uke 36
KP 10	Den lærande læraren 2	Haut	10. semester	Uke 35 eller uke 36

<sup>[1]</sup> Plasseringa i semesteret er ikkje fastsett og ikkje framlegg til vedtak her.

Når ein skal plassere dei einssilde kampuspraksisdagane i ulike semester, må ein sjå samanheng med studieløpet som heilskap. Det same er tilfellet når ein skal avgjere *når* i semesteret kampusdagane skal gjennomførast. Ulike tidspunkt har vore drøfta, og lektorutdanningsadministrasjonen (LUA) har utgreidd kva moglegheter og utfordringar ein har for plassering av dagane. Utgreiinga ligg som vedlegg 6 i denne saka. Dei endelege avklaringane omkring plasseringa vil verte gjort i arbeidet med det vi kallar «Semesterplanen for lektorutdanninga», som gir ei oversikt over tidspunkt for praksis og pedagogikk i lektorutdanninga for det einssilde semesteret. Semesterplanen vert sendt ut til fakulteta i forkant av tidsfristane for planlegging av undervisning og vurdering for komande semester (aug/sept og februar).

Praksisutvalet åtvarar mot at kampuspraksisdagane kan bli forelesingsprega og understreker at det er viktig at dagane vert praksisnære og relevante for praksis. På den bakgrunnen er det behov for visse

føringar i emneplanane. Samtidig er det behov for fleksibilitet og at det ikkje blir for detaljerte emneplanbeskrivingar.

#### *Fagleg ansvar for kampuspraksisdagane*

Praksisutvalet drøfter i sitt framlegg korleis det faglege ansvaret for dei ulike kampuspraksisdagane skal plasserast (s. 10-11). I møte 2. oktober drøfta utvalet ei fordeling slik det er omtalt under:

- KP1: «Mobbing», vert lagt til Ped, som i dag.
- KP2: «Ungdomskultur» vert lagt til HF.
- KP3: KI i skolen: MatNat som i dag, kanskje i samarbeid med SV, informatikk eller andre miljø som er sterke på KI;
- KP4: «Kontroversielle temaer», vert lagt til HF.
- KP5: Vert lagt til de respektive didaktikkmiljøene;
- KP6: «Kontaktlæreren», kan bli lagt til LS i tett dialog og samarbeid med praksisfeltet og dialog med PED»
- KP7: «Laget rundt eleven», kan bli lagt til LS i tett dialog og samarbeid med praksisfeltet i dialog med PED;
- KP 8: Vert lagt til de respektive didaktikkmiljøene;
- KP9 og 10: «Den lærende lærer», vert lagt til PED i tett dialog og samarbeid med praksisfeltet.

I framlegget kjem det fram at praksisutvalet ikkje slutta seg til sitt eige opphavlege framlegg om ansvarsfordeling, men foreslo at ansvaret for dagane skulle leggjast til lektorsenteret. Ei moglegheit som praksisutvalet peiker på i den samanhengen, er å tilsette 1–2 lektorar i 25 %-stillingar ved lektorsenteret som dermed får arbeidsoppgåver knytte til desse dagane.

Vurdering av ansvar for kampusdagar: Lektorsenteret har ikkje fagleg tilsette undervisningsstillingar, og det har dermed verken stillingsheimel eller ressursar til å drive undervisninga i kampuspraksisdagane. Det er heller ikkje innanfor reglementet for lektorsenteret, som per i dag er plassert ved ei sentral administrativ eining, å tilsetje i lektorstillingar/vitskaplege stillingar. Undervisning og rettleiing må såleis nødvendigvis ivaretaast av dei tilsette i profesjonsfagmiljøa, i kombinasjon med eksterne ressursar. Slik er også ordninga for det som vi i dagens modell kallar temaseminar.

Dagens temaseminar er eit ansvar for fakulteta, og det ligg såleis ikkje noko prinsipielt nytt i at fakulteta får ansvar for nokre kampusbaserte praksisdagar.

Programstyret drøfta spørsmålet om ressursbruk knytt til kampusbaserte praksisdagar på møtet 7. september 2023 (sak 40/23) og i referatet står det følgjande:

Praksisbudsjettet vil kunne dekke utgifter til kampus-dagar, som t.d. eventuelt honorar eller godtgjering til eksterne bidragsytarar. Vidare vil lektorsenteret bidra med administrasjon av dagane og få drifta inn i system. Emneansvar for dagane må likevel dekkjast av eksisterande stillingsressursar i profesjonsfagmiljøa, og desse ressursane ligg under fakulteta sitt ansvarsområde.

Felles programstyre ynskjer at dei ressursmessige utfordringane ved praksis og redesignarbeidet generelt blir løfta opp i styringsgruppa for lektorutdanning.

Med dette som utgangspunkt, vert programstyret bede om å vedta følgjande framlegg til plassering av fagleg ansvar for kampuspraksisdagane:

**Tabell 2: tema og fagleg ansvar for kampuspraksisdagane**

Saka var oppe som orienteringssak i styringsgruppa 5. oktober 2023.

KP	Tema	Fagleg ansvar
KP 1	Mobbing	PF (Iped)
KP 2	Ungdom, seksualitet og identitet	HF
KP 3	Digitale verktøy i skulen	MN
KP 4	Kontroversielle tema	HF
KP 5	Forarbeid fag 1	Fakulteta (fagdidaktikkmiljøa)
KP 6	Kontaktlærarrolla	PF (Iped)/Lektorsenteret
KP 7	Skulens hjelpeapparat	PF (Iped)/Lektorsenteret
KP 8	Forarbeid fag 2	Fakulteta (didaktikkmiljøa)
KP 9	Den lærande læraren 1	Lektorsenteret
KP 10	Den lærande læraren 2	Lektorsenteret

### Langpraksis

I dagens lektorutdanningsmodell har vi langpraksis i sjuande og åttande semester, knytt til ungdomsskulen i sjuande semester og vidaregåande skule i åttande semester. Langpraksisperiodane har egne emneplanar LAPRA101 og LAPRA102 som er felles for alle lektorprogramma. Samtidig er det ulikt omfang på periodane mellom MN og HF/SV. MN har 49 praksisdagar og HF/SV har 28 praksisdagar i 7. semester, medan talet er 30 dagar for MN og 40 dagar for HF/SV i 8. semester.

I den nye lektormodellen får vi felles lengde for dei ulike lektorprogramma på dei ulike semestera. I tillegg får vi ein tidlegare førstestepsperiode, nemleg 5. semester (mot 7. semester i dag), medan andre langpraksisperiode blir som før i 8. semester. Denne fordelinga er resultat av arbeidet i redesignprosjektet og vart vedteken av styringsgruppa for lektorutdanning 15. desember 2022, etter tilråding frå programstyret 8. desember 2022. Som det kom fram i bakgrunnsdokumenta til redesignsaka, var det konsensus om at lektorsenteret skulle ha emneansvar for langpraksis i 5. og 8. semester, og at det skulle lagast egne emneplanar for desse langpraksisperiodane.

I den nye lektormodellen er det element i langpraksisperiodane som blir endra. Det er såleis behov for å lage nye emneplanar for langpraksisperiodane. Det er ikkje urimeleg at desse byggjer på dei eksisterande emneplanane, men det kan òg vere grunnlag for å ha ei meir gjennomgåande endring av emneplanane, slik at ein startar på nytt. Praksisutvalet har på det grunnlaget laga utkast til endringar, også når det gjeld mål, innhald og læringsutbytte. Gjennom førebuinga til denne saka er framlegg til emneplanar for langpraksisperiodane blitt justert noko.



**Framlegg til vedtak:**

Programstyret vedtar, med dei merknadane som kjem fram i møtet:

- dei føreslegne emnebeskrivingane for langpraksis og kampuspraksisdagar
- fordelinga av kampuspraksisdagar i studieløpet, jfr. tabell 1 (med unntak av plasseringa innad i semestra)
- fordeling av fagleg ansvar for kampuspraksisdagane, jf. tabell 2

**Sak 63/23      Høyring frå Kunnskapsdepartementet**

Notat frå lektorsenteret

*Vedtakssaksak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**  
**Møte: 7. desember 2023**

ephorte: 23/206

---

### Bakgrunn

Universitetet i Bergen (UiB) har fått invitasjon frå Kunnskapsdepartementet (KD) om å gi innspel til framlegg til endringar i ny opplæringslov, privatskulelova og forskrift til opplæringslova på høyring.

I høyringa føreslår departementet å stille krav om relevant lærarutdanning i lova sin hovudregel om tilsetjing i lærarstilling, og å endre kravet til pedagogisk kompetanse i forskrift til opplæringslova, slik at pedagogisk praksis ikkje skal kunne vektast lenger i vurderinga av om ein søker har tilsvarande pedagogisk kompetanse som lærarutdanninga gir.

I tillegg føreslår departementet språklege endringar for å framheve at tilsetjingar på vilkår bør vurderast framfor anna midlertidig tilsetjing.

Høyringa inneheld også eit forslag om å tydeleggjere i lova at det berre er dei som er tilsett i lærarstillingar som kan ha fagleg ansvar i opplæringa.

[Både høyringsbrev og høyringsnotat ligg på KD sine nettsider.](#)

### Høyringsprosess ved UiB

Studieavdelinga har sendt ut høyringa til lektorutdanningsfakulteta ved UiB og lektorsenteret med frist for innspel innan 12.12.23. Lektorsenteret sitt innspel skal utarbeidast i samråd med felles programstyre.

På bakgrunn av innspela blir det utarbeida ei samla høyringsuttale frå UiB, som blir sendt til departementet innan 05.01.24.

### Innspel frå felles programstyre

Felles programstyre blir bedt om å komme med innspel til framlegg til endringar i ny opplæringslov, privatskulelova og forskrift til opplæringslova på høyring.

### Framlegg til vedtak:

Programstyret støttar framlegg til endringar i reglane for kven som kan tilsetjast i lærarstilling.

Programstyreleiaren får fullmakt til å formulere eit høyringsinnspel i samsvar med dei innspela som kjem fram på møtet.

**Sak 67/23      NOU 2023:27 Et nytt system for  
kvalitetsutvikling – for elevenes læring og  
trivsel**

Notat frå lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**  
**Møte: 7. desember 2023**

ephorte: 23/206

---

[Dokumentet vurderer kvalitetsvurderingssystemet i skulen og finst på KD sine sider.](#) Saka er sendt på høyring med frist i februar.

**Sak 72/23      Organisering av kortpraksis i ny modell**

Notat frå lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**

**Møte: 7. desember 2023**

ephorte: 23/206

I et brev fra 30. november, ber Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet (MN) om at organiseringen av kortpraksis bør være en fast uke (fem faste dager), etterfulgt av fem fleksible dager. De peker på at det ikke er mulig å stoppe undervisningen ved fakultetet i to uker, ettersom lektorstudentene tar emner som er del av disiplin-faglige bachelorgrader. I tillegg tar studentene emner hvor både lab og feltarbeid inngår, og dette legger føringer for hvordan praksis kan gjennomføres på en god måte for studentene ved MN. Brev fra både fakultet og studenter er vedlagt saken.

Vi vil understreke at de 10 dagene kortpraksis i både første og tredje semester inkluderer for- og etterarbeid, som skal timeplanlegges i hhv. PEDA130 i første semester og didaktikkemnene i tredje semester. Det er da i praksis snakk om 3 dager fleksibel skolepraksis som skal avvikles for den enkelte student, i tillegg til de 5 faste dagene.

I det opprinnelige forslaget for innplassering av kortpraksis fra praksisutvalget, har man forsøkt å etterleve ønsket fra MN. Det er foreslått at uke 37 er fast uke for kortpraksis i både 1. og 3. semester. Videre er det foreslått at uke 38 kan benyttes som fleksibel uke for 1. kortpraksisperiode. For tredje semester er det foreslått at studentene kan ha fleksibel praksis frem til høstferien, altså til og med uke 40.

Lektorsenteret forstår brevet fra MN som at det ikke er satt av tilstrekkelig med tid for den fleksible praksisen i første semester. Dette ønsker vi å imøtekomme. Utfordringen er, som MN også påpeker, at høstsemesteret er relativt kort. Et annet viktig moment er at 1. kortpraksisperiode ikke kan gå samtidig som 1. langpraksisperiode ettersom disse praksisperiodene gjennomføres i samme skoleslag (ungdomsskoler) og vi vil få problemer med kapasiteten på praksisplasser i skolene.

Tabellen under viser opprinnelig forslag til innplassering av 1. kortpraksisperiode (første semester), og for 1. langpraksisperiode (femte semester). Som tabellen viser, er det rom for å utvide fleksibel praksis med ytterligere en uke. Kortpraksis gjennomføres som én fast uke (uke 37) og i tillegg kan det settes av to uker til fleksibel praksis.

	Uke 37	Uke 38	Uke 39	Uke 40	Uke 41	Uke 42	Uke 43	Uke 44	Uke 45	Uke 46	Uke 47	Uke 48	Uke 49
Opprinnelig forslag	Kort-praksis1	Kort-praksis1 (3 dager)	Lang-praksis 1 (LP1)	LP1	Høst-ferie	LP1	LP1	LP1	LP1	LP1			
Alternativ som kan fungere for MN?	Kort-praksis1	Kort-praksis1	Kort-praksis1	LP1	Høst-ferie	LP1	LP1	LP1	LP1	LP1	LP1		Eksamen

Dette fører til at studentene i langpraksis kun har én uke praksis før skolens høstferie. Det fører også til at langpraksis avsluttes nærmere eksamensperioden. Denne plasseringen av kortpraksis vil da kreve at emnene som studentene tar i femte semester må legge eksamensavviklingen etter at praksis er ferdig. Studentene bør også ha mulighet for en ukes eksamensforberedelse mellom praksis og vurdering, slik at eksamen i femte semester først kan begynne i uke 49.

Kortpraksis i 3. semester har uke 37 som fast uke. Studentene kan så ha fleksibel praksis frem til skolens høstferie. Det betyr at studentene har tre uker til å avtale fleksibel praksis med sin praksisskole. Kortpraksis i 3. semester går samtidig som praksis for PPU, i videregående skole. Kollisjonsproblematikken er ikke den samme som på ungdomstrinnet ettersom de andre lærerutdanningsinstitusjonene i regionen i mindre grad benytter videregående skoler, og som følge av at det er relativt færre studieplasser på PPU sammenlignet med 5LU.

Undervisning (og vurdering) må planlegges kollisjonsfritt med de faste kortpraksisdagene i uke 37, men for ukene med fleksible praksisdager kan det være undervisning i timeplanen for studentene. I perioden med de fleksible dagene skal studenten selv avtale med skolen hvilke dager de skal møte på skolen.

Felles programstyre bes om å ta saken til orientering.



Til felles programstyre og styringsgruppe for lektorutdanning ved UiB

Bergen, 30. nov 2023

### Redesign av lektorprogrammet: Organisering av kortpraksis i ny modell

For lektorstudentene på MN er det mulig å ha 10 dager kortpraksis i 1. og 3. semester ved å organisere det som en fast uke og 5 fleksible dager. Det er ikke mulig eller ønskelig å organisere det som to faste sammenhengende uker. Det er flere grunner til det, bl.a.:

- Disiplinemnene i 1. og 3. semester tas av mange program, noen av dem også på andre fakultet. Dvs. at endring i undervisning for å tilpasse studenter med kortpraksis påvirker mange studieprogram og emner. Eks. MAT111 inngår i 1. semester i ca. 13 program, ett av dem på annet fakultet. En endring som påvirker en uke, er enklere å få til uten at det skaper problemer for andre program, enn en endring som påvirker to uker. Sjansen er stor for at man vil ende opp med at det bare vil være mulig å gi egnet tilrettelegging i en uke, og at man derfor ikke får til et kollisjonsfritt godt opplegg for lektorstudentene.
- Det er mulig å stoppe/reducere undervisning i en uke i disiplinmennene som går parallelt i 1. og 3. semester og legge obligatoriske aktiviteter utenom den uken, uten at det går ut over progresjonen og semesteret kortes for mye ned. Det er ikke mulig å ha et to ukers opphold hverken for lektorstudenter og andre studenter som tar emnet uten at det går for mye utover undervisningsopplegget og studentenes læring.
- Obligatorisk undervisning som ikke bare kan flyttes:  
Eks. KJEM110 inngår i 1. semester i noen studieløp på lektorprogrammet og i 3. semester i andre. Tidspunkt for lab sees i sammenheng med når tilhørende stoff går gjennom i teoriundervisningen og avhenger i tillegg av når laben er ledig. Labundervisning i et emne i kjemi må derfor koordineres med andre labemner da labkapasiteten er begrenset. En endring av lab i KJEM110 vil derfor ha konsekvenser for andre labemner og en ekstralab for lektorstudentene vil koste personell og materiell, og må legges på et tidspunkt som ikke passer sammen med teoriundervisningen. Opplegget i KJEM110 er at det er lab annenhver uke. Dvs. at det er enkelt å tilpasse en fast uke med praksis, men vanskelig med to.  
Eks. BIO102 inngår i 3. semester for studenter med biologi. Der inngår feltkurs i to av ukene 34-36 (4+3 dager). Feltkurset må ligge der pga. biologien som skal studeres. Å ha to sammenhengende uker med praksis i tillegg tidlig i semesteret, vil gi studentene mye sammenhengende tid borte fra campus og undervisning der, og vil gå utover studentenes progresjon og læring.
- Fagstoff bygger på hverandre, og å ta igjen to ukers undervisning i første semester i for eksempel et emne i matematikk vil innebære vesentlige problemer for mange studenter. Dette kan få konsekvenser i form av økt frafall.

- Høstsemestre er korte. MN har fremmet forslag om å spre kortpraksis på høst- og vårsemestre, legge kortpraksis før studiestart i januar, eller legge kortpraksis i vårsemestre siden de er lengre og dermed gir større muligheter for fleksibilitet, men alle forslagene har blitt nedstemt.
- MN har fra før en ukes kortpraksis for lektorstudentene, og en økning fra 5 til 10 dager er godtatt under forutsetning av at økningen er fleksibel. Dette er blitt tydelig kommunisert gjennom hele prosessen med redesign.
- 5 fleksible dager vil være en fordel, da lektorstudenten vil kunne observere/delta i mer faglig relevant undervisning i praksis. I løpet av den faste uken avtaler de med praksisveileder tidspunkt for de 5 dagene og kan da ta hensyn til hvilke dager de kan delta i realfagsundervisning, f.eks. gir det mulighet for å delta på evt. fagdag. Representant fra VGS i MNs lektorutdanningsutvalg har gode erfaringer med slik fleksibilitet fra KOPRA103.

Kortpraksis i 1. og 3. semester må derfor organiseres som en fast uke og fem fleksible dager.

Vennlig hilsen

Andreas Leopold Knudsen – utdanningsleder, Matematisk institutt

Monica Jordheim – utdanningsleder, Kjemisk institutt

Kjartan Olafsson – utdanningsleder, Institutt for fysikk og teknologi

Anne Bjune – utdanningsleder, Institutt for biovitenskap

Jorun Nyléhn – leder for MN-fakultetets lektorutdanningsutvalg

## **VEDLEGG 2: BREV FRÅ STUDENTAR VED DET MATEMATISK-NATURVISKAPLEGE FAKULTET**

### **Endring av kortpraksis fra to faste uker til en fast uke og en uke med fleksible dager**

Vi studentrepresentanter ønsker at det innføres 5 + 5, hvor de første 5 dagene er en uke og de resterende 5 er fleksidager. Dette ønsker vi fordi det for eksempel er labfag hver uke hvor det ikke er mulig å ha to uker fri. Dessuten går undervisningen videre og det er vanskelig å hente inn to ukers etterslep. Det tar mye tid og krefter å ta igjen de to ukene vi er bakpå. Det blir 200 prosent jobb hvis man er i praksis fra klokken 8 til 16, og deretter skal man hjem og se på forelesninger man har gått glipp av.

I tillegg er høstsemesteret et veldig kort semester som allerede er fullpakket av obliger, labber, rapportskrivning og midtveiseksamen som tar mye tid. For nye studenter er det i tillegg mye nytt som skjer, det å flytte til en ny by, bo alene for første gang og bli kjent med byen og medelever. Å ha de fem fleksidagene over et par uker vil gjøre det mye enklere å være lektorstudent. Da kan man avtale praksisdager med skolen, der man både kan få praksis i fagene man skal undervise i, og i tillegg kan tilpasse det til sin egen timeplan på universitetet.

For vi realfagslektorer får mye mer ut av å være på praksisskolen når det er dager med mye realfag, enn å være med i norsk- eller tysktimer, for eksempel. Det gir oss studenter lite faglig, og å følge undervisning i flere fag som ikke er relevante for våre studieretninger, skaper unødig mye stress.

Endring av kortpraksis vil i tillegg gjøre det mulig å velge dager som er roligere på universitetet, slik at man ikke trenger å jobbe dobbelt. Da vil vi ha mye mer overskudd til både praksis og studier. Fra min egen erfaring fra kortpraksis- perioder på en uke hver, merket jeg at bare en uke med både praksis og studier var veldig travelt og jeg falt bakpå med engang.

Vi studenter mener denne saken bør følges opp og håper at ønsket vårt blir tatt hensyn til. Etter vår mening er dette en av de mest grunnleggende pilarene for suksess i denne nye modellen vi har valgt å gå for. Å ignorere dette mener vi kan bidra til mer frafall. Dette er signaler vi også har fått fra flere medstudenter.

**Katrine Aske, leder i FIL**

**Bjørn Wigestrånd, LUMN**

